

Individuell hjemmeksamen

2614 Norsk litteratur før 1900

17.10.2008

- Tid: 8 timer
- Utlevering: Fronter kl. 9.00
- Innlevering: Biblioteket før kl. 17.30/the library
(eller på epost til eivind.landmark@hit.no innan kl. 17.30, *men bare etter avtale på forhånd /by mail to eivind.landmark@hit.no before 5.30 p.m. if you have an agreement beforehand*)
- Målform: Norsk (nynorsk eller bokmål)

Svar på *én* av oppgavene: Answer *one* of the questions:

Enten/either:

1. Plasser først *Gisle Surssonss saga* litteraturhistorisk. Skriv en analyse av sagaen med vekt på kvinneskildringa, bruk gjerne vedlagte tekstutdrag (kapittel 9, 19, 37)
Place *Gisla Surssonss saga* in the context of literary history. Give an analysis of this saga, and focus in particular on how women are portrayed, using the provided texts.

Or

2. Gi en kort utgreiing om barokken. Analyser og sammenligne så de to dikta "*Dend XI. Sang Keed af Verden, og kier ad Himmelen (Far, verden, far vel)*" av Thomas Kingo" og "*Den Anden Sang Helligt vorde dit Navn (Herre GUD! Dit dyre Navn og Ære)*" av Petter Dass.

Give a brief presentation of the Baroque in Norwegian literary history. Analyse and compare the two poems "*Dend XI. Sang Keed af Verden, og kier ad Himmelen (Far, verden, far vel)*" by Thomas Kingo and "*Den Anden Sang Helligt vorde dit Navn (Herre GUD! Dit dyre Navn og Ære)*" by Petter Dass. (From Norske tekster. Lyrikk eller netttutgavene <http://www.kalliope.org/digt.pl?longdid=kingo1681a2> og <http://www.dokpro.uio.no/cgi-bin/litteratur/oratxtprod.cgi?tabell=dass&id=pd2102&frames=Nei>)

9 Samstundes gjorde Torgrim og Torkjell skipet sitt segklart ein annan stad og kom hit ut til Island i Haukadalsosen, i Dyralfjorden, same dagen som Gisle først hadde sigla inn med byrdingen. Dei møttest straks, og eit gledesmøte vart det. Kvar drog så heim til sin gard. Også Torgrim og Torkjell hadde fått godt med gods.

Torkjell var svært stor på det og arbeidde ikkje på garden deira, men Gisle dreiv på dag og natt. Så var det ein godvêrsdag at Gisle hadde alle karane ute på høying, alle utan Torkjell. Han var åleine heime av karfolket på garden og hadde lagt seg ned på i eldhuset etter dugurden. Eldhuset var hundre alner langt og ti famnar breitt. Nedom eldhuset, på sørsida ned mot sjøen, stod kvinnestova til Aud og Åsgerd. Dei sat der og sydde. Då Torkjell vakna, gjekk han bort til stova, fordi han høyrde nokon tala der inne, og la seg ned langsmed vegg. No tok Åsgerd til orde og sa: «Ver gild, Aud, og skjer til ei skjorte for meg til Torkjell, husbonden min.» «Det kan ikkje eg betre enn du,» sa Aud, «og du ville ikkje be meg om det, om du skulle skjera skjorta til åt Vestein, bror min.» «Det er ei sak for seg,» svara Åsgerd, «og slik vil eg nok tykkja ei stund.» «Lenge har eg visst,» sa Aud, «korleis det hadde seg, men la oss ikkje prata meir om det.» «Eg synest ikkje det er noko å klandra meg for,» sa Åsgerd, «at eg tykkjer godt om Vestein. Det har vorte meg fortalt at du og Torgrim møttest svært ofte før du vart gjeven åt Gisle.» «Det følgde ikkje noko gale med det,» svara Aud, «for eg har ikkje hatt omgang med nokon mann medan eg har vore gift med Gisle, slik at det har vore noko å utsetja på det. Men la oss no halda opp med dette snakket.» Men Torkjell hadde høyrte kvart eit ord dei sa, og då dei slutta, tok han til orde og sa:

Fra Soga om Gisle Surrson

18/188N 82-521-3599-4

3

*Høyr store under,
høyr om stridar,
høyr søksmål søere,
høyr om mams bane,
ein eller fleire,*

og gjekk inn etter det. Då sa Aud: «Ofte kjem det ilt ut av kvinnesnakk, og kan henda vert følgjene i verste laget derne gongen. Vi lyt finna ein utveg.» «Eg har tenkt ut ei råd som vil duga for meg,» sa Åsgerd, «men eg ser inga for deg.» «Kva er det?» spurde Aud. «Leggia hendene om halsen på Torkjell når vi kjem i seng, og han vil tilgi meg dette og seia det var løgn.» «Det åleine vil ikkje strekkja til,» sa Aud. «Kva utveg vil du finna på?» spurde Åsgerd. «Fortelja Gisle, husbonden min, alt det eg har vanskeleg for å tala om eller læra meg av med.»

Om kvelden kom Gisle heim frå arbeidet. Det var vanleg at Torkjell takka bror sin for arbeidet, men no var han stille og sa ikkje eit ord. Gisle spurde då om han var nedtyngd for noko. «Eg har ingen sjukdom,» sa Torkjell, «men likevel noko som er verre enn sjukdom.» «Har eg gjort noko,» sa Gisle, «som du har imot meg for?» «Slett ikkje,» sa Torkjell, «og du vil nok få greie på det før eller sidan.» Dei gjekk så sin veg begge to, og det vart ikkje tala meir om det i den venda. Torkjell rørte knapt mat den kvelden og gjekk først av alle og la seg. Då han var kommen i seng, kom Åsgerd og lyfte på sengledda og ville leggja seg. Då tok Torkjell til orde og sa: «Eg aktar ikkje å la deg liggja her i natt og ikkje sidan heller.» «Kvifor har alt snudd seg så brått, eller kva er grunnen til det?» sa Åsgerd. Torkjell sa: «Begge veit vi kva grunnen er, sjølv om eg lenge har vore ført bak lyset, og du vil ikkje ha større ære av at eg talar tydelegare.» Ho svara: «Du får no ha dine eigne tankar om dette, men eg vil ikkje tretta lenge for å komma i seng med deg, og no får du velja

eitt av to: anten tek du imot meg og læst som ingenting har hendt, eller så vil eg nemna meg vitne no med det same og seia meg skild frå deg; eg lét far min henta brurgåva mi og medgifta, så treng du sidan aldri liggja trongt i senga for mi skuld.» Torkjell tagna og sa om sider: «Eg finn det mest rådleg at du gjer som du sjølv vil. Eg skal ikkje nekta deg seng i natt.» Ho gjorde det med ein gong klårt kva ho tykte best om, og smatt straks opp i senga. Og dei hadde ikkje lege lenge saman før dei hadde greitt opp i dette med kvarandre – som om ingenting hadde hendt.

Aud kom så i seng med Gisle og fortalde han om samtalen mellom henne og Åsgerd og bad han ikkje vera sint på henne, men bad han finna ein god utveg, om han såg nokon. «Eg ser ikkje noka råd som kan duga her,» sa han, «men eg skal ikkje vera vond på deg for dette, for kvar og ein vil tala slik det fell seg, og det kjem fram som fram lyt komma.»

19 Torstein drog no til Gisle som tok på seg å skjula han. Deretter drog han sør til Borgarfjorden og derifrå ut av landet. Då Bork fekk greie på dette særstyn av ei hending, fór han opp til Andmarkastad, fekk tak i Audbjørg og drog henne med seg ut på Saltnes og steina henne i hæl. Og etter at det hadde hendt, drog Gisle heimanfrå og kom til Newsstad der han greip fatt i Torgrim Nev og førte han til Saltnes. Ein skinnsekk vart dregen over hovudet på han, og han vart steina til døds og lagd i røys ved sida av syster si, på bergryggen mellom Haukadäl og Medaldäl.

Så var det roleg, og det leid på våren. Bork fór sør til Torsnes og akta å slå seg ned der. Han syntest ikkje han hadde gjort noka ærefull ferd vest dit – mist som han hadde slik ein mann som Torgrim utan å ha fått noka oppreising for det. Han gjorde seg no i stand til å fara og ordna seg med bustad og hushald og etla seg å gjera endå ei vending etter godset sitt og kona. Torkjell Sursson ønskte òg å flytta dit og slo lag med Bork, verbror sin.

Det vert sagt at Tordis Sursdotter, kona hans og syster til Gisle, følgde Bork eit stykke på veg. Då sa Bork: «No vil eg at du skal seia meg kvifor du vart så uglad tidleg i haust då vi slutta av leikane, og du har lova å fortelja meg det før eg dreg heimanfrå.» Dei var no komne til haugen med Torgrim då dei tala om dette. Då stogga ho tvert og sa at ho ville ikkje gå lenger. Og no fortalde ho kva Gisle hadde kvede då han såg bort på haugen til Torgrim, og kvad så visa for han. «Og eg trur,» sa ho, «at du ikkje treng røkja etter drapet på Torgrim nokon annan stad, og om søksmålet vert førebudd rett, vil han få dom mot seg.» Bork fauk opp i sinne over dette og sa: «No vil eg snu attende med det same og drepa Gisle. Men likevel veit eg ikkje,» sa han, «kva som er sant i det som Tordis seiér. Eg held det ikkje urimeleg at det ikkje er noko i det, for kalde er ofte kvinneverd.» Dei reid vidare – Torkjell fekk overtala han til

det – til dei kom åt Sandaos. Då steig dei av, kylvite med hestane sine og lét dei beita. Bork var ordknapp, og Torkjell sa at han ville finna Onund, venen sin. Han reid straks så hardt at han brått var ute av syne. Han bøygde av til Hol og fortalde no Gisle kva som var tids, at Tordis hadde avslørt saka og granska visa, «og du må òg bu deg på at saka er kommen for dagen.» Gisle tagna og kvad ei vise:

11

Ikkje åtte syster mi

– om for hovudstasen –

huglag som gjæve Gudrun,

Gjukas eiga dotter.

– Ho som heil i hugen

husbonden lét drepa.

Hemma såleis gjorde ho,

hugheil, brørne sine.

«Og eg tykkjer ikkje eg er verd slikt frå henne,» sa han, «for eg synest eg har gjort det klårt nokre gonger at eg ikkje har tykt betre om vanære over henne enn over meg sjølv. Eg har stundom sett livet mitt på spel for hennar skuld, og no har ho lagt opp råd for å drepa meg. Og det vil eg vita no, bror, kva eg kan venta frå di side slik eg har stelt meg.» «Eg skal átvara deg dersom folk vil drepa deg. Men hjelp som kan gi meg søksmål på nakken, gir eg deg ikkje. Eg synest det er gjort mykje vondt meg ved at Torgrim er drepen, verbror min, felagen og bestevennen.» Gisle svara: «Det var å venta om ein mann som Vestein at det ikkje ville skorta på mannhemn etter han. Og ikkje ville eg ha svara eller gjort slik som du svarar meg no.» Så skildest dei. Torkjell drog til møtes med Bork, og så fór dei sørover til Torsnes, og Bork sette i stand garden sin der. Torkjell kjøpte jord på Bardastrand, i Kvam som det heitte.

No leid det fram mot stemnedagane, og Bork drog

vestover med førti mann, meint på å stemna Gisle til Torsnestinget. I lag med han var Torkjell Surrson og systersønene til Bork, Torodd og Saka-Stein. I flokken var det òg ein austmann som heitte Torgrim. Dei reid no til Sandaas. Då sa Torkjell: «Eg har ei gjeld å krevja her på ein liten gard», og nemnde garden, «og eg vil ri dit og krevja inn gjelda. De får ri sakte etter.» Torkjell reid no i førevegen, og då han kom dit han hadde sagt, bad han kona byta hest med seg og la denne han kom med, stå framom døra, «og kast noko vadmål over salen, og når følgjesmennene mine kjem etter, så sei berre at eg sit inne i stova og tel sølv.» Ho gav han så ein annan hest, og han reid fort av stad, kom ut i skogen og røtøtte Gisle. Så fortalde han kva som var på ferde, at Bork var kommen vestfrå.

37

No drog Øyolv heimanfrå med elleve mann sør til Bork Digre og fortalde han kva som hadde hendt og korleis det hadde gått til. Bork vart glad over dette og bad Tordis ta vel imot Øyolv, «hugs den store kjærleiken

som du hadde til Torgrim, bror min, og ta no vel imot Øyolv.» «Eg vil gråta over Gisle, bror min,» sa Tordis, «og vil ikkje banemannen til Gisle vera vel nok fagna om det vert laga graut og sett fram til han?» Og om kvelden då ho bar fram maten, sleppte ho ned trauet med skeiene. Øyolv hadde lagt det sverdet som Gisle hadde ått, mellom benkestokken og føtene sine. Tordis kjende att sverdet, og då ho bøygde seg ned etter skeiene, greip ho om sverdhandtaket og la til Øyolv og ville stikka han i magen. Ho la ikkje merke til at hjaltet vende opp så det tok mot bordkanten. Ho la då til lenger ned enn ho hadde tenkt og råka han i låret så det vart eit stort sår. Bork greip fatt i Tordis og vrei sverdet frå henne. Dei sprang opp alle og skauv fram borda og maten. Bork baud Øyolv sjølvdom for dette, og han fastsette full mannebot, men sa han ville hatt meir dersom Bork hadde bore seg verre åt. Tordis nemnde då opp vitne for seg og sa seg skild frå Bork og sa at ho ikkje meir skulle komma i seng med han, og det heldt ho.

Ho drog ut til Øyr og busette seg på Tordisstad. Bork vart verande på Helgafell til dess Snorre gøde dreiv han bort. Bork fór då og busette seg i Gleråskogane. Men Øyolv fór heim og tykte ille om ferda si.